

Arbeidsgjevarpolitikk – berekraft i Bømlo kommune



2020 - 2023

20.01.2020

Rådmannen

Vedtak i kommunestyret:


1. Kommunestyret vedtek arbeidsgjevarpolitikk for Bømlo kommune slik han er lagt fram i dokumentet "Arbeidsgjevarpolitikk Bømlo kommune".
2. Arbeidsgjevarpolitikken skal reviderast innanfor kvar politisk periode.
3. Kommunestyret ver om at arbeidsgjevarpolitikken vert revidert nokså snart der følgjande tema er drøfta:
 - korleis kan kommunen jobba mot grunnskule, vidaregåande skular og høgare utdanning for å sikra rekruttering inn i framtida
 - nedfelle korleis ein arbeider med heiltidskultur i kommunen

Bømlo kommune som arbeidsgjevar

Som arbeidsgjevar, tenesteleverandør og samfunnsaktør er det viktig at Bømlo kommune lykkast i å rekruttera, utvikla og behalda kvalifiserte medarbeidarar som skal levera gode tenester.

I 2015 vedtok FN 17 berekraftsmål som skal nåast innan 2030. For å nå desse måla må Bømlo integrera dei i lokale planar og det må vera med på å styra våre avgjerder; frå overordna planar til daglege gjeremål og oppgåver. Kommuneplanen sin samfunnsdel (KPS) synleggjer dette.

KPS er eit overordna og langsiktig styringsdokument, som skal leggja til rette for ønska samfunnsutvikling, arealforvaltning og tenesteproduksjon fram mot 2049.



FN sine berekraftsmål ser miljø, økonomi og sosial utvikling i samanheng. (Foto: Bly/Azote Images)

All planlegging i Bømlo skal basera seg på FN sine berekraftsmål og tre prinsipp som skal styre planlegginga:

- All planlegging skal vera berekraftig med omsyn til klima, sosialt liv og økonomi
- All planlegging skal vera helsefremjande
- All planlegging skal leggja «føre var»-prinsippet til grunn

Kvifor må me ha vår eigen arbeidsgjevarpolitikk?

For å vera budd på framtida er det viktig å ha ein felles arbeidsgjevarpolitikk som gjev oss retning og bidreg til ein felles kultur.

KS har definert arbeidsgjevarpolitikk som dei handlingane, haldningane og verdiane som arbeidsgjevar står for og praktiserer overfor medarbeidarane kvar dag. Arbeidsgjevarpolitikken synleggjer arbeidsgjevar sine konkrete evner til å frigjera den menneskelege energien i organisasjonen.



(Foto: Simon Knutsson Sortland)

Ein god arbeidsgjevarpolitikk

- utgjer eit felles **verdigrunnlag** og legg til rette for eit **godt samarbeid** mellom folkevalde, leiarar, medarbeidarar, tillitsvalde og verneombod.
- skildrar kjenneteikn ved godt **leiarskap** og godt **medarbeidarskap**
- gjer synleg **forventningar** og **ansvar** for både leiarar og medarbeidarar i organisasjonen
- gjer arbeidsplassen vår **attraktiv** og bidreg til eit god **omdøme** som arbeidsgjevar
- vert konkretisert og sett ut i live gjennom handlingsplanar

→ **Privat handlar me på bakgrunn av egne verdier. På jobb i Bømlo kommune handlar me på bakgrunn av felles verdier.**



(Foto: Simon Knutsson Sortland)

Arbeidsgjevarutfordringar

Hovudutfordringa vil vera å rekruttera, utvikla og behalde tilstrekkeleg kvalifisert kompetanse til å levere gode tenester og auke vår evne til innovasjon.

Innovasjon betyr å komma på og realisera nye løysingar som er verdifulle for dei oppgåvene me skal løysa. Dette krev involvering av alle tilsette. Tre områder me må lykkast på er medarbeidar driven innovasjon, samskaping og digitalisering.

Visjon – slagord og verdjar

Visjon: **Berekraftige Bømlo**
Slagord: **Driftige folk i vakker natur**
Verdjar: **Raus – modig – engasjert**



Bømlo kommune
Driftige folk i vakker natur!

Raus – hos oss er det takhøgde, det er lov å prøva og feila. Me er lyttande, møter menneske med respekt, er inkluderande i vår omgang med andre og i utøving av arbeidet vårt. Me byggjer relasjonar og ser på mangfald som ein ressurs

Modig – me vågar å tenkje utanfor boksen, me er kreative, prøver, ser moglegheiter, me er handlekraftige, står for det me gjer, tek nye utfordringar, toler endring, ser at omstilling er nødvendig og er opptatt av utvikling som betrar tenestene

Engasjert – driftige medarbeidarar som er opptekne av jobben sin, av å yte gode tenester og utvikle seg og sine kollegaer for å yte sitt beste. Dette får ein til igjennom samarbeid internt og samskaping eksternt

Etikk, ytringsfridom og samfunnsansvar


Innbyggjarane sin tillit er ein føresetnad for lokaldemokratiet. Etikk er refleksjon kring verdiar og normer, og grunnleggjend våre val. For folkevalde og tilsette i Bømlo kommune handlar etikk om systematisk refleksjon kring kva som er god praksis hjå oss. Me skal byggja felles forståing basert på våre verdiar.

Leiinga har overordna ansvar for å leggja til rette for gode ytringsvilkår på jobb, men tillitsvalde, verneombod og tilsette har og ei plikt til å medverka til eit arbeidsmiljø kor det er mogleg å ta opp kritikk på ein forsvarleg måte.

Bømlo kommune tek i vare sitt samfunnsansvar gjennom m.a. etiske retningslinjer og arbeidsgjevarpolitikk. Folkevalde og tilsette må alltid ha med seg at ein forvaltar felles samfunnsmidlar på vegne av innbyggjarane.

Medarbeidar i Bømlo kommune

Medarbeidarskap handlar om korleis me møter våre kollegaer, vår arbeidsgjevar og våre arbeidsoppgåver. Alle er ein medarbeidar og jobbar etter våre felles verdiar. Me deler av vår kunnskap og erfaring, er støttande, inkluderande og profesjonell. Me nyter tillit i organisasjonen, er fleksible, ser moglegheiter, bidrar med humør og framsnakk kollegaer og arbeidsgjevar.



(Foto: Simon Knutsson Sortland)

Leiar i Bømlo kommune

Me leiar på bakgrunn av felles verdiar. Som leiar i Bømlo kommune skal me oppnå resultat saman med sjølvstendige, aktive og kompetente medarbeidarar. Som leiar jobbar me for eit meistringsorientert klima der ein har samarbeid og utveksling av tankar og idear. Leiar legg vekt på den enkelte og organisasjonen si læring og utvikling. Leiar gir tillit og støtte og oppmuntrar til at medarbeidarane tek i bruk sin kompetanse på ein slik måte at ein meistrar oppgåvene sine.



(Foto: Simon Knutsson Sortland)

Mål og satsingsområde for vår arbeidsgjevarpolitikk

Bømlo kommune skal vera ein attraktiv arbeidsgjevar som evnar å rekruttera, utvikla og behalda kompetente medarbeidarar.

Bømlo kommune har valt 10-faktor som sitt verktøy for organisasjonsutvikling og medarbeidarundersøking. Dette er eit verktøy som er forskingsbasert og skreddarsydd for kommunal sektor, og gjev grunnlag for heilskapleg utvikling av vår organisasjon.

For å nå desse måla vil me;

- **Forankre felles verdigrunnlag**
- **Vidareutvikla kultur for godt leiarskap**
- **Vidareutvikla kultur for godt medarbeidarskap**
- **Forenkla og forankra planar og dokument**

Eigne notat:



Kjelder:

KS 2015: Guide til god ledelse

KS 2014: Skodd for framtida

Kommuneplanen sin samfunnsdel, Bømlo2049

Lederutfordringer i digitale omstillingsprosesser, KS FoU prosjekt nr 174031

Arbeidsgiverpolitikk i Elverum, Arendal, nye Asker

Hovedtariffavtalen 2018-2020

Etiske retningslinjer for tilsette og folkevalde i Bømlo kommune

La oss gjøre det sammen! Håndbok i lokal samskapende innovasjon, Kobro, Lars Ueland, HSN

Samskaping i norske kommuner, Anne Romsaas, KS

Ytringsfrihet og varsling – veileder for kommuner og fylkeskommuner, KS